



Jubileumsboka Uskedal kyrkje 1914-2014

Vi har før på uskedalssida skrive om Røysterett for alle og korturen til Amsterdam i neste veke.

Det er også lagt inn tur til hamnebyen Rotterdam med konsert i sjømannskyrkja. Etter denne konserten vert jubileumsboka HØYR KOR KYRKJELOKKA LOKKAR, Uskedal kyrkje 1914-2014, overrekt som gåve til sjømannskyrkja.

Sjømannsprest og dagleg leiar, Ole Anderas Holen, har skrive «Et lite stykke Norge i Nederland», ei jubileumsbok (1914 – 2014) om den gamle kyrkja, teikna av Arneberg og Poulsson i 1913, inspirert av stavkyrkjene frå mellomalderen. Kyrkja har overlevd flytting, brann, hungersnaud og krig. Etter den siste flyttinga i 1937 er kyrkja plassert i parken i byen.

Sjømannskyrkja i Rotterdam har vore som ein heim for mange sjøfolk, også mange frå Herøysundet og Uskedalen. Berre i krigsåra var om lag 10 % av innbyggjarane i Herøysundet sjøfolk. Rotterdam var, saman med Hamburg og Bremen, ei sentral hamn i Europa.

Om medlemer i koret har tid til det, bør ein sjå gjennom eldre gjestebøker og ein vil finna mange namn frå fleire sjømannsslekter frå våre bygder.

Sjømannskyrkja i Rotterdam og kyrkja i Uskedalen høgtida såleis begge sine 100 år i 2014.

Soknerådet i Uskedalen vil markera dette med å bera fram ei helsing etter konserten. Boka med helsing er sendt med turleiar Liesje Croles som sjølv kjem frå Nederland, og den skal overrekkjast til biblioteket ved sjømannskyrkja.



Rotterdam har vore og er ein sentral hamneby i Europa. Eit postkort frå 1967, sendt frå Olav Bringedal til sonen, Kristian, syner den store hamneaktiviteten med lossing, lasting, verkstadopphald og dokking. Alle brev og postkort vart som oftast sende via sjømannskyrkja.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland